

Trafikksikringsplan

Rubbestadneset skule



September 2019

Rådmannen

Innholdsliste:

1. Kort om skulen:	3
2. Målsetting:	3
Vårt mål er at ingen elevar eller vaksne tilknytt skulen skal bli skada eller drepen i trafikken. 3	
3. Tiltak:	4
4. Kompetansemål frå læreplanen Kunnskapsløftet:	5
4.1. <i>Kompetansemål etter 4. trinn:</i>	5
4.2. <i>Trygg Trafikk anbefaler følgjande progresjon i trafikkopplæringa på trinn 1-4:</i>	5
4.3. <i>Kompetansemål etter 7. trinn:</i>	5
4.4. <i>Trygg Trafikk anbefaler følgjande progresjon i trafikkopplæringa på trinn 5-7:</i>	6
5. Opplegg for kvart trinn	7
5.1. <i>1. trinn:</i>	7
5.2. <i>2. trinn:</i>	7
5.3. <i>3. trinn:</i>	7
5.4. <i>4. trinn:</i>	7
5.5. <i>5. trinn:</i>	8
5.6. <i>6. trinn:</i>	8
5.7. <i>7. trinn:</i>	8
6. Sjekklister	9
6.1. <i>Skule</i>	9
6.2. <i>FAU</i>	9
6.3. <i>6.3 Foreldre/føresette</i>	9
7. Rutinar for transport og turar i regi av skulen	10
7.1. <i>Buss</i>	10
7.2. <i>Bil</i>	11
7.3. <i>På sykkel tur eller fottur:</i>	11

1. Kort om skulen:

Rubbestadneset skule ligg i rolege omgjevnadar ikkje langt frå Rubbestadneset sentrum. Vegen opp til skulen er smal, utan gangfelt og med høge hekkar og tre ut mot vegen. Det er vanskeleg for bilar å møtast, spesielt i vintermånadane då vegen kan bli svært glatt.

Skulen har elevar frå 1.-7. klasse. Skuleåret 19/20 har skulen 151 elevar og 28 tilsette. Dei tilsette og gjester parkerer bilane på merka område på parkeringsplassen. Av/påstigning skjer på merka område.

Skulen har basseng og tilbod om skulefritidsordning, før og etter skuletid, for elevar frå 1-4. klasse. Det kjem buss til skulen om morgonen. Nokre elevar blir køyrd, fleire går langs vegen eller på stiar (snarvegar). Det er nokre farlege overkryssingsvegar for nokre elevar. Nokre få elevar sykklar.

På ettermiddagstid sluttar elevane på ulik tid. Det er bussvakt for elevar som tek buss. Det er fleire elevar som blir henta i bil av foreldra.

2. Målsetting:

Vårt mål er at ingen elevar eller vaksne tilknytt skulen skal bli skada eller drepn i trafikken.

For å nå dette målet må:

- **Elevane** få kunnskap, dugleik og positive haldningar til ei ansvarleg åtferd i trafikken.
- **Tilsette** arbeide etter trafikksikker plan og bidra til gode trafikksikre haldningar og kunnskap om trafikktryggleik hos elevane.
- **Foreldra** støtte skulen sitt arbeid med gode haldningar og trafikksikker utrusting av elevane. Det er viktig å støtte elevane si opplæring, vere aktsame i trafikken og hindre at trafikkfarlege situasjonar oppstår i hente- og bringesituasjonar ved skulen.

3. Tiltak:

- Rubbestadneset skule har trafikkopplæring som del av trinna sine årsplanar. Skulen og FAU samarbeider om haldningsskapande tiltak og førebyggjande trafikkopplæring.
- Skulen og FAU har utarbeida eigne retningslinjer for sykling til skulen. Me er samde om å bruke Trygg trafikk sine retningslinjer for sykling:

«Trygg Trafikks generelle anbefaling er at barn bør være 10-12 år før de sykler alene der de må forholde seg til biler og andre kjøretøy. Foreldre må selv vurdere egne barn i forhold til modenhet, trafikkforståelse og hvordan det behersker syklingen.»

Det er viktig at barna har hatt tilstrekkelig opplæring til å ferdast i trafikken. Skulen vil gjennomføre sykkelopplæring i 4. klasse. FAU har materiale til å gjennomføre sykkelløype og elevane skal få ta «sykkellappen». Skulen og FAU oppmodar om at elevane ikkje sykklar til skulen før opplæringa er gjennomført. Alle barn skal bruke hjelm når dei sykklar til/frå skulen.

- Elevrådet har følgjande ønskjer for en trygg skuleveg:
 - At flest mogleg av elevane går til skulen og nyttar gangfelt og trygge vegar.
 - At alle nyttar refleks og hjelm.
 - At foreldre og andre som køyrer barna til skulen slepp barna av på oppmerka plass.
 - At det stadig blir jobba for å vurdere behov for fortau, fotgjengarfelt og lys der elevane ferdast.
 - Foreldra bidreg ved å oppmode barna til å gå til og frå skolen, vise aktsemd i hente- og bringesituasjonar og ved å sjå til at eige barn brukar refleks, hjelm og godkjent sykkel. Foreldra vert oppmoda om å følgje Trygg Trafikk og skulen sine tilrådingar om bruk av sykkel.
 - Skulen markerar nasjonal refleksdag kvar haust.
 - Trafikkopplæringa vert styrka ved at det vert oppretta ein funksjon for ein trafikkansvarleg på skulen. For skuleåret 2019/2020 er dette Olav Furre.
 - Skulen har retningslinjer for turar til fots, på sykkel, med bil og buss og desse retningslinjene er med i skulen sin internkontroll. Sjå punkt 7.



4. Kompetansemål frå læreplanen

Kunnskapsløftet:

4.1. *Kompetansemål etter 4. trinn:*

- Frå læreplan i kroppsøving:
 - Elevane skal kunne følgje trafikkreglane for fotgjengarar og syklistar.
- Frå læreplan i samfunnsfag:
 - Elevane skal kunne gjere samfunnsfaglege undersøkingar som krev teljing og rekning, og presentere desse undersøkingane.
 - Elevane skal kunne lage ei oversikt over reglar som regulerer forholdet mellom menneske, og konsekvensar ved å bryte normene.

4.2. *Trygg Trafikk anbefaler følgjande progresjon i trafikkopplæringa på trinn 1-4:*

- 1. trinn: Trafikktrening i skulen sitt nærområde.
- 2. trinn: Enkle trafikkreglar på skulevegen.
- 3. trinn: Undersøkingar av eigen skuleveg, teljingar og registreringar.
- 4. trinn: Trafikkreglar, førebuande sykkelopplæring, enkel teori og trening i trygge omgjevnader og trening på sykkel i enkel trafikk saman med vaksne.



4.3. *Kompetansemål etter 7. trinn:*

- Frå læreplan i kroppsøving:
 - Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.
- Frå læreplan i matematikk:
 - Elevane skal kunne planleggje og samle inn data i samband med observasjonar, spørjeundersøkingar og eksperiment og representere data i tabellar og diagram som er framstilte digitalt og manuelt, lese og tolke og vurdere kor nyttige dei er.

- Frå læreplan i norsk:
 - Elevane skal kunne presentere fagstoff munnleg, medviten om kven mottakar er, med eller utan hjelpemidlar.

4.4. Trygg Trafikk anbefaler følgjande progresjon i trafikkopplæringa på trinn 5-7:

- 5. trinn: Trening på sykkel i enkel trafikk, saman med dei vaksne.
- 6. trinn: Teori og trening på sykkel i krevjande trafikk.
- 7. trinn: Sjølvstendig sykling i trafikken.



5. Opplegg for kvart trinn

5.1. 1. trinn:

- På foreldremøtet for nye førsteklassingar om våren bli foreldra informert om farane som oppstår når elevane blir køyrd til og frå skulen. Skulen sine rutinar for trygge hente- og bringe-situasjonar vert gått igjennom.
- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøte om hausten.
- Førsteklassingane får utdelt refleksvestar om hausten. Desse skal brukast frå skulestart på skulevegen og på turar i skuletida.
- På turar får elevane gå-trening i skulen sine nærområde. Når fadrane er med, er dei gode rollemodellar.

5.2. 2. trinn:

- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøtet om hausten.
- På utedagar får elevane gå-trening i skulen sine nærområde.

5.3. 3. trinn:

- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøtet om hausten.
- På turar får elevane gå-trening i skulen sine nærområde.

5.4. 4. trinn:

- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøtet om hausten.
- På utedagar får elevane gå-trening i skulen sine nærområde.
- Dekke kompetansemåla som er nemnt under kompetansemåla etter 4. trinn.
- Gjennomføre sykkeldagen om våren og elevane tek sykkelsertifikat og det blir sjekka at alle har hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand.

5.5. 5. trinn:

- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøtet om hausten.
- På utedagar får elevane gå- og sykkeltraining i skulen sine nærområde.
- Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel, med hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand.

5.6. 6. trinn:

- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøtet om hausten.
- På utedagar får elevene gå- og sykkeltraining i skulen sine nærområde.
- Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel, med hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand.

5.7. 7. trinn:

- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøtet om hausten.
- På utedagar får elevene gå- og sykkeltraining i skulen sine nærområde.
- Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel, med hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand.
- Dekke kompetansemåla som er nemnt under kompetansemåla etter 7. trinn.

6. Sjeklister

6.1. Skule

- Informere elevane om trygge vegvalg ved skulestart.
- Informere om skulen sin lokale plan for trafikkopplæring på foreldremøte om hausten.
- Ein lærar på skulen er trafikkansvarleg.
- Trafikkopplæring er ein del av årsplanane på alle trinn.
- Retningslinjer for turar til fots, på sykkel, med bil og buss er nedfelt i skulen sin internkontrollforskrift.

6.2. FAU

- Samarbeide med skulen om trafikkaksjonar.
- Samarbeide med skulen om haldningsskapande tiltak.

6.3. 6.3 Foreldre/føresette

- Oppmode elevane om å gå til og frå skulen med foreldre, saman med elevar eller åleine.
- Minne elevane på å bruke refleks og hjelm, og sjølv bruke det.
- Vise aktsemd i hente- og bringesituasjonar.



7. Rutinar for transport og turar i regi av skulen

Som lærar skal du alltid:

- Melde frå kor du går!
- Nytt alltid godkjent framkomstmiddel. Merk: transport i privatbil:
 - Det skal alltid vere ein hovudansvarleg vaksen som har ansvar for elevgruppa.
 - Dersom det er fleire enn 15 elevar som skal på tur meir enn ein skuletime skal det alltid vere to vaksne med.
- Gjer alltid avtale på førehand om oppmøtepunkt for avgang med transportmiddel.
- Tur lengde og stad skal leggjast opp etter føresetnad til elevane.
- Ta med førstehjelpsskrin og mobil på tur.

7.1. Buss

Som lærar skal du ha fokus på følgjande punkt:

- Informer elevane om korleis dei skal oppføre seg på stoppestaden og i bussen.
- Ha full oversikt over avreisetidspunkt, reisemål og tidspunkt for retur.
- Hald tidene, og syt for at elevane er samla.
- Pass på at elevane sit roleg, og har sikkerhetsbeltet på (gå ei sjekkrunde før avreise).
- Plasser deg i bussen slik at du kan følgje med elevane, og gripe inn viss dei er urolege.
- Ta ein runde i bussen etter at elevane har gått av, og ta med attgløynde gjenstandar, søppel m.m.
- Viss naudsynt; hjelp elevane/sjåføren med lasting/lossing av bagasje.



Ditt ansvar som elev:

- Vær presis, både ved avreise og retur.
- Stå i ro på stoppestaden når bussen kjem. Når ein ventar på bussen etter skuletid står ein innanfor skuleporten.
- Gå roleg inn i bussen, set deg i setet, og ta på sikkerhetsbeltet.

- Sitt i ro under hele turen.
- Bruk «inne stemme» når du skal kommunisere med andre i bussen.
- Ikkje et eller drikk i bussen.
- Sjekk at du får med deg alle tinga dine (inkludert søppel) når du går av bussen.
- Sjå deg godt for om du skal krysse vegen etter at du har gått av bussen.

7.2. Bil

Foreldre:

- Bruk alltid oppmerka parkeringsplass.
- Ved av/påstigning, nytt eige køyrefelt.
- Unngå rygging på skuleplassen!



Vareleveranse:

- Ikkje køyra inn på skuleplassen i skuletid, når elevane er ute.
- Viss det er naudsynt, køyring under tilsyn.

Byggje- og/eller anleggsverksemd:

- Dersom det er byggje- og/eller anleggsverksemd i nærleiken av skulen sitt område, må skulen i samarbeid med kommunenivå gjera ei risikovurdering.
- Ved omfattande byggje- og/eller anleggsverksemd skal det gå ut informasjon frå skulen til alle tilsette, elevar og foreldre.

7.3. På sykkel tur eller fottur:

- Når me går på tur skal det alltid vera ein vaksen som går først og ein vaksen som går sist. Viss ein tur går langs trafikkert veg, skal læraren alltid vurdera om han/ho skal repetera reglane for god ferdsel i trafikken, som fotgjengar og reglane for korleis me kryssar ein veg.
- Rutinar for sykkel- og fottur skal repeterast i personalet ved starten av kvart skuleår.
- 1. og 2. trinn skal bruka refleksvestar når dei går på tur.
- Ved sykkelurar skal elevane bruka sykkelhjelm og ha ein sykkel som er i forskriftsmessig stand.

Forarbeid:

- Ta med elevliste med telefonnummer til føresette.
- Heimane skal informerast på førehand.
- Ein vaksen må alltid ha med førstehjelpsutstyr og mobiltelefon.
- Skuleleiinga må informerast.

Rutinane må gjerast kjende for dei tilsette, foreldre og elevane i starten av kvart skuleår.

NB! Nye medarbeidarar!